

Medlemsinfo juli 2015

STYRET I SOGN OG FJORDANE SAU OG GEIT 2015:

Leiar: Ragnhild Sæle, Ålhus, 6847 Vassenden Tlf. 416 33 342

e-post: leder.sognogfjordane@sauoggeit.no

Nestleiar: Lars Nesse, 6888 Borgund Tlf. 906 79 263

e-post: larsnesse@sogn.no

Sekretær: Odd-Jarle Øvreås, 6982 Holmedal Tlf. 481 56 495

e-post: odd-jar@online.no

Styremedlem: Jo Risløv, 6893 Vik i Sogn Tlf. 971 70 653

e-post: jo.rislov@gmail.com

Styremedlem: Ingunn Reme, 6793 Innvik Tlf. 916 36 467

e-post: ingunnp@gmail.com

Vara:

1. Vidar Sandal, Breim
2. Margrethe Garlid, Stryn
3. Jostein Flatland, Sogndal

Utsendingar til landsmøte i NSG 2015:

1. Lars Nesse, Lærdal
2. Ingunn Reme, Innvik
3. Jo Risløv, Vik i Sogn
4. Odd-Jarle Øvreås, Holmedal

Vara:

1. Tom Idar Kvam, Hafslo
2. Vidar Sandal, Breim
3. Margrethe Garlid, Stryn
4. Jostein Flatland, Sogndal

Ragnhild Sæle møtte som varaordfører i representantskapet.

Lars Nesse skal ha ekstra fokus på rovdyr.

Jo Risløv skal ha ekstra fokus på geit.

Ragnhild Sæle er vald som SFSG sin representant i Gjetarhundnemnda.

LANDSMØTE I NSG 18.-19. MARS 2015

Sigurd Vikesland, Aurland, vart attvald som fast styremedlem til styret i NSG.

Ragnhild Sæle, Jølster, vart attvald som varaordfører i Representantskapet.

Som følgje av at leiar i SFSG, er varaordfører i Representantskapet, vil nestleiar representere SFSG på Representantskapsmøte 21.10.15-22.10.15.

På landsmøte vart det og vedteke nye lover for lands-, fylkes- og lokallag. Desse finn ein på heimesida til NSG.

Nokre av endringane er:

1. § 2. Organisasjonsform, tredje avsnitt «Alle ledd av organisasjonen har organisasjonsform foreining, og skal vere registrert som eigen juridisk eining i Brønnøysundregistrene.
2. §12 Lokallag. «Eit lokallag må ha avhalde årsmøte og minst eit styremøte i året.

Postadresse:

Ragnhild Sæle

Ålhus

6847 VASSENDEN

Tlf. 416 33 342

E-post: leder.sognogfjordane@sauoggeit.no

Bankgiro:

3703 20 15213

Orgnr.

971 115 599

Lokallag som ikkje vert drive etter lagslovane settast under administrasjon av fylkeslaget for å vurdere grunnlaget for vidare drift.

3. §13 Årsmøte i lokallag, tredje avsnitt. «Lokallag som ikkje har hatt årsmøte har ikkje stemmerett på årsmøtet i fylkeslaget og laget sin del av medlemskontingenten vert halde att av NSG.
4. §17 Årsmøte i fylkeslag. Årsmøte er samansett av:
«Leiarane i dei lokale laga. I tillegg vel lokallag med over 25 medlemmer 1 utsending per 25 medlemmer per 31. desember føregående året, om ikkje anna er vedteke på årsmøte i fylkeslaget (Trer i kraft frå 2017).
5. Det er ikkje høve til å møte med fullmakt på årsmøtet i lokallaget, fylkeslaget eller landsmøtet.

Det er svært mange lokallag i Sogn og Fjordane som ikkje er registrert i Brønnøysundregistrene, så her har mange lokallagsstyrer ein jobb å gjere. Det som kan vere ei utfordring, er å finne papir frå skipingsmøte.

I tillegg har vi ei rekkje lokallag som fortsatt brukar «alslag». Det bør og rettast opp, då landsmøte for fleire år sidan gjorde vedtak om at det skulle heite «Sau og Geit».

BEITE/BEREDSKAP

Etter ein svært lang og krevjande vår og forsommar, er det endeleg håp om å få dyra i utmark/til fjells. Mange plassar, fleire veker seinare enn normalt. Det har gått hardt utover innmark hos mange, og usikkerheita no er korleis det vert med fôr til vinteren.

Når ein no endeleg får slept dyra i utmark, opplever ein å få rimeleg sikre observasjonar av rovdyr i enkelte område. Sjølv om ein no har fått tatt ut 7 jervar i Indre Sogn, så har ein beitesesongen 2014 friskt i minne, og mange i heile fylket er bekymra for kva beitesesongen vil bringe.

Rovviltnemnda har vedteke kvote på **skadefellingsløyve** på jerv, bjørn, ulv og gaupe for beitesesongen, og desse løyva vert administrert av Fylkesmannen v/Hermund Mjelstad. Dersom ein finn kadaver og desse er dokumentert av SNO kan ein søkje om skadefellingsløyve. Dei som kan søkje er fortrinnsvis kommunen eller beitelag/sankelag. Verken SFSG eller lokallag vil få løyve, då det ikkje er høve til å gje skadefellingsløyve til lag/organisasjonar. Oversikt over rovviltkontaktar finn ein i årsmeldinga til SFSG. Får ein skadefellingsløyve kan ein nytte seg av fylkesfellingslaget.

I følgje overordna styresmakter, skal rovdyra fortrinnsvis takast ut via **lisensjakt**, noko som krev løyve frå grunneigar. Då er det viktig at ein har på plass slikt løyve, skriftleg. Slik jakt føregår som regel over store område.

SFSG vil oppmode alle lokallaga til å gjere ein jobb, når det gjeld å innhente skriftleg løyve frå grunneigarane, og i tillegg organisere lokale jaktlag. SFSG har ikkje eige jaktlag, slik som enkelte hevdar, men har etter oppmoding frå næringa fått til ei koordinering, når det gjeld observasjonar av spor, felles sporing og til å skaffe jegerar dersom nokon treng assistanse utanfrå. Dei lokale jaktlaga kan og hjelpe fylkesfellingslaget å felle rovdyr på skadefellingsløyve, om det vert trong for det. Ein bør og oppmode alle hjortejegerar til å registrere seg som lisensjeger.

Postadresse:

Ragnhild Sæle

Ålhus

6847 VASSENDEN

Tlf. 416 33 342

E-post: leder.sognogfjordane@sauoggeit.no

Bankgiro:

3703 20 15213

Orgnr.

971 115 599

Dersom det vert aktuelt at lokale jegerar vert med, er det krav om å ha papira i orden, skyteprøve og betalt jegeravgift.

I vinter vart det samla inn ein del midlar, for å kunne hjelpe fylkesfellingslaget med betre utstyr. Pr. i dag er det kjøpt inn ein kikkert.

SFSG vil jobbe for å få til ei felles beredskapsordning med fylkesmannen.

Vedlagt ligg mal for grunneigarunderskrifter m.m.

Norges Bondelag og Utmarksavdelinga for Akershus og Østfold har fått laga eit hefte» Jaktområder for rovdyr- En veileder i grunneierorganisering og tilrettelegging»
http://issuu.com/utmarksavdelingen/docs/jakt_p__rovdyr

GEITEGRUPPA

I følge vedtektene for «Geitegruppa», skal gruppa utnemnast etter kvart årsmøte. Leiaren av gruppa skal komme frå styret i SFSG, og er for 2015 Jo Risløv frå Vik. Dei andre i Geitegruppa er: Vidar Sandal, Ingolf Folven, Ragnvald Søgnesand og Sigurd Vikesland. Har ein saker ein vil ta opp i høve geita, så ta kontakt med medlemmane i Geitegruppa. Geitegruppa har ansvar for å arrangere «Geitehelg på Skei». I 2015 vert den arrangert 21. - 22. november, så sett av datoane.

JORDBRUKSTINGINGANE 2015 - slaktetilskot til lam og kje

Endringane, som vart gjort ved jordbrukstingingane i mai 2015, i høve lammetilskotet har ført til mykje diskusjon, og mange er misnøgde. I fylgje endeleg avtaledokument punkt 6.3.4 (s. 16) og 73 (s. 24), gjeld omlegginga også for kjeslakt. Det vert hevda at ein ikkje tapar pengar, før ein legg ned drifta, medan andre hevdar at ein tapar allereie frå omlegginga. Begge deler er rett, avhengig av om ein brukar kontantprinsippet (tilskot utbetalt frå Staten) eller rekneskapsprinsippet (opptent tilskot ved levering av slakt). Faktum er at ein uansett tapar tilskot for eitt års produksjon. Det er etter vår meining feil at ein ikkje skal få tilskot for eit lam/kje som ein har produsert og levert.

Etter gamal ordning har ein produsert og levert lamma til slakt i år 1, og søkt om tilskot og får utbetalt tilskot i år 2. Etter hovudprinsippa i skattelova skal bøndene inntektsføra slaktetilskot for lam levert i år 1 i rekneskapen for år 1, men i fylgje likningspraksis har det likevel vore høve til og vorte praktisert at tilskot blir inntektsført og skattlagt i det året ein har fått pengane utbetalt frå Staten, dvs. i år 2. På den måten har ein heile tida lege eitt år på etterskot med utbetaling av tilskot og inntektsføring i rekneskapen til bonden, i høve til tidspunkt for produksjon og levering av lam til slakt.

For ein bonde som legg ned eller overdreg bruket til neste generasjon i 2018, kan samanhengen mellom produserte lam og utbetalt tilskot synast slik for lam leverte i perioden 2014 til 2017:

Postadresse:

Ragnhild Sæle

Ålhus

6847 VASSENDEN

Tlf. 416 33 342

E-post: leder.sognogfjordane@sauoggeit.no

Bankgiro:

3703 20 15213

Orgnr.

971 115 599

Sogn og Fjordane Sau og Geit



År	2014	2015	2016	2017	2018	Total
Tal lam til slakt	100	100	100	100	0	
Slaktetilskot pr lam	500	500	500	500	0	
Opptent tilskot	50000	50000	50000	50000	0	200000
Utbetaling frå Staten	0	50000	50000	50000	50000	200000
Slaktetilskot i rekneskapen	0	50000	50000	50000	50000	200000

For lam levert til slakt i perioden 2014-2017, får han totalt kr 200.000 utbetalt i slaktetilskot. Dersom han leverte lam til slakt i 2013, fekk han sjølvstakt dette utbetalt i 2014.

Ved omlegging til utbetaling av slaktetilskot over slakteoppgjeret **burde** han i 2016 fått utbetalt slaktetilskot for både lamma som vart sende til slakt i 2015 og for lamma slakta i 2016:

År	2014	2015	2016	2017	2018	Total
Tal lam til slakt	100	100	100	100	0	
Slaktetilskot pr lam	500	500	500	500	0	
Opptent tilskot	50000	50000	50000	50000	0	200000
Utbetaling frå Staten	0	50000	100000	50000	0	200000
Slaktetilskot i rekneskapen	0	50000	100000	50000	0	200000

Slaktetilskotet for lam levert i perioden 2014-2017 burde vore totalt kr 200.000, med utbetaling av slaktetilskot i 2016 for lam leverte både i 2015 og 2016.

Men slik vert det ikkje etter årets jordbruksavtale. Den legg opp til at bonden får utbetalt halvt slaktetilskot pr lam levert i 2015 og halvt slaktetilskot over slakteoppgjeret for lam levert i 2016. Dette for at Staten skal sleppa dobbel utbetaling av slaktetilskot for lam i 2016, slik som i tabellen ovanfor. Ut frå endeleg jordbruksavtale 2015-2016 blir slaktetilskotet slik:

År	2014	2015	2016	2017	2018	Total
Tal lam til slakt	100	100	100	100	0	
Slaktetilskot pr lam	500	250	0	0	0	
Slaktetilskot pr lam - slakteoppgjer	0	0	250	500		
Opptent tilskot	50000	25000	25000	50000	0	150000
Utbetaling frå Staten	0	50000	50000	50000	0	150000
Slaktetilskot i rekneskapen	0	50000	50000	50000	0	150000

Postadresse:

Ragnhild Sæle

Ålhus

6847 VASSENDEN

Tlf. 416 33 342

E-post: leder.sognogfjordane@sauoggeit.no

Bankgiro:

3703 20 15213

Orgnr.

971 115 599

Me ser at ein sauebonde som leverer 100 lam til slakt kvart år, tapar kr 50.000 på omlegginga. Om pengane er tapte i 2015 og 2016, eller i 2018 er avhengig av om ein ser på når ein får eit krav på tilskotet, eller om ein ser på tidspunktet for utbetaling av slaktetilskotet. Dette gjeld også dei som startar opp med sau og leverer slakt for fyrste gong i 2015 eller i 2016.

Me veit ikkje korleis slaktetilskotet blir etter 2016, då dette ikkje er avtalt endå, men i tabellane ovanfor er det lagt til grunn at totalt slaktetilskot pr lam blir kr 500 for lam levert til slakt i 2017.

For kjeslakt var årleg sats kr 300 pr kje slakta i 2014, medan han for kje slakta i 2015 og 2016 blir kr 150 pr kje. Samla tap blir kr 30.000 for ein geitebonde som leverer 100 kje til slakt kvart år. Fordelen med omlegginga er at bøndene no veit kva dei får i tilskot, før dei set på kje (og lam) til slakt. Med gamal ordning var mange av kjea både oppfora og slakta før ein visste resultatet av jordbrukstingingane og kva slaktetilskotet vart.

Endeleg avtaledokument for 2015 finn du her:

<https://www.regjeringen.no/globalassets/departementene/lmd/landbruk/div/jordbruksavtale-2015-2016-endelig-220615.pdf>

JORDBRUKSTINGINGANE 2016

Når det gjeld førebuingane til jordbrukstingingane for 2016 vil styret i SFSG jobbe etter same modell som i 2014, kor lokallaga får moglegheit til å kome med innspel i god tid før SFSG må sende inn sitt framlegg. Vi vil oppmode NSG til å sette fristen for fylkeslaga til starten av februar 2016.

LEIARSAMLING 2015

Etter erfaringane med leiarsamlinga i 2014, vil ein i år og arrangere leiarsamlinga som ei dagsamling, 31.10.15 på Førde Hotel. Eit av tema som vil verte drøfta, er innspel til jordbrukstingingane 2016. Kva for anna tema som vil verte sett opp, er enda ikkje klart. Dersom der er lokallag som har ønsjker, så må de sende det inn til sekretær i SFSG innan 1. august.

BORDSETE PÅ GLOPPEN HOTELL 25. APRIL 2015

Onsdag 25. april var det invitert til bordsete på Gloppen Hotell, der produkt av geitemjølkk og kjeekjøtt/geitekjøtt stod på menyen. Det var ei fantastisk oppleving for oss som var invitert. Stor takk til kokken på Gloppen Hotell, Bodil, for ei fantastisk matoppleving. Det som og var svært positivt var at det møtte opp kokkar frå hotellnæringa i Sogndal, Nordfjordeid og Skei, så ein håpar at «bordsete» gav dei inspirasjon til å nytte produkt av kje, geit og geitemjølkk, på sine arbeidsplassar.

Blant dei frammøtte var og journalistar frå Firda og Firda Tidend, samt Nortura og Tine med fleire.

Postadresse:

Ragnhild Sæle

Ålhus

6847 VASSENDEN

Tlf. 416 33 342

E-post: leder.sognogfjordane@sauoggeit.no

Bankgiro: 3703 20 15213

Orgnr. 971 115 599

Sogn og Fjordane Sau og Geit



AVLSUTVALET FOR SAU

Styret i SFSG har på styremøte 11.06.15 valt avlsutval for dei to neste åra:

Leiar : Tom Idar Kvam, Hafslo
Nestleiar: Lars Nesse , (Representant frå styret i SFSG)
Kåringsansvarleg: Einar Helge Haugstad
Bruksbesetning: Kjell Olav Kusslid
Nortura: Johannes Nedrebø

Vara:

1. Kjell Mardal
2. Leif Tore Kårstad
3. Egil Ove Helleland

GJETARHUNDNEMNDA

Medlemene i Gjetarhundnemnda for 2015 er:
Roger Løvik - Sunnfjord og Ytre Sogn Gjetarhundlag
Kurt Magne Fardal – Indre Sogn Gjetarhundlag
Magnus Grimeland – Nordfjord Gjetarhundlag
Ragnhild Sæle - SFSG

”DET SKJER ” KALENDAR

Styret i SFSG ber om at alle lokallaga tek i bruk aktivitetsskalendaren som ligg på heimesida til fylkeslaget. Her ønskjer vi å få lagt inn alle arrangement/aktivitetar som vert arrangert av fylkeslaget, avlsutval sau, gjetarhundnemnda og lokallag. Send informasjon til jonny@lofnes.no. Jonny Lofnes er ansvarleg for oppdatering av aktivitetsskalendaren og resten av heimesida.

YMSE

Så får vi håpe på ein problemfri beitesesong. Vi minner nok ein gong om at dersom **ein finn skada/daude dyr der ein har mistanke om at det er freda rovvilt som er skadevoldar, så TA KONTAKT MED ROVVILTKONTAKTEN, og la vedkommande avgjere kva/kven som er årsaka til skaden. DETTE ER GRATIS.** Det er betre å ta kontakt ein gong for mykje enn ein gong for lite. Dess betre vi som småfehaldarar kan dokumentere eventuelle tap, dess betre er det.

Vi vil og oppmode lokallaga til å nytte seg av plakatane som ein kan få kjøpt hos NSG, når det gjeld bandtvang og tilsyn.

Styret i SFSG ønskjer alle medlemene ein god og rovdryfri sommar.

For SFSG
Ragnhild Sæle
-leiar-

Postadresse:
Ragnhild Sæle Tlf. 416 33 342
Ålhus
6847 VASSENDEN E-post: leder.sognogfjordane@sauoggeit.no

Bankgiro: 3703 20 15213
Orgnr. 971 115 599